

MØTEBOK

Rådsmøte i Hardanger Ungdomsråd

Dato: Torsdag 03.05.2017

Stad: Næringshagen i Odda/ Hardanger Folkeblad

Tid: 1130-1500

Til stades:

Odda kommune:

Ungdomsrådsnestleiar Synne E. Mæland

Eidfjord kommune:

Ungdomsrådsmedlem Emilie Viveli Tveit

Eidfjord kommune:

Ungdomsrådsmedlem Oda Medhus

Ullensvang herad:

Ungdomsrådsnestleiar Olav Simon Kambestad

Ulvik herad:

Ungdomsrådsleiar Vegard Innset

Ikkje til stades:

Granvin herad:

Ungdomsrådsleiar Marte Kristoffersen

Kvam herad:

Ungdomsrådsleiar Sjur Mikal Dolven

Jondal kommune:

Ikkje møtt

Andre:

Eidfjord kommune

Bergljot Marie Veivåg

Ulvik herad

Ingvild Winters

Hardangerrådet

Jostein Eitrheim og Trude Lægreid Rinaldo

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

AGENDA:

11 30 - 14 00 Hardanger Ungdomsråd sakshandsaming

14 00 - 16 00 Redaksjonsmøte med Hardanger Folkeblad

HU-sak 13/17

Redaksjonsmøte med Hardanger Folkeblad

Alle råda har førebudd tema og spørsmål dei vil ta opp på redaksjonsmøte med Hardanger Folkeblad. Desse gjekk me igjennom på rådsmøtet og prata om litt laust og fast.

HU-sak 14/17

Orienteringssaker

➤ Aktivitetshelg 2017 i Odda

Ida presenterte program for Aktivitetshelga 2017. Det vart bestemt at det må inn fleire aktivitetar retta mot ungdom 13-16 år, då det er 16 års aldersgrense på fleire av aktivitetane.

Kvar kommune må ha ein vaksen kontaktperson for påmelding og spørsmål til ungdom og foreldre.

Viktig at kvart råd informerer om Aktivitetshelga i eige ungdomsråd og ber alle vera ambassadørar. Til hausten får alle ansvar for å markedsføra på eigen skule. Snart skal Ida på turne i Hardanger, og besøka alle skulane og informera om Aktivitetshelga 2017.

Det er laga eit facebook arrangement, som alle må dela og dela!

➤ **Felles klubbkveld i Eidfjord - tilbakemelding**

Det kom ca 35 ungdommar på *Felles klubbkveld* i Eidfjord, av desse var ca halvparten frå Eidfjord, og mesteparten av dei andre frå Ulvik. Dei hadde ein veldig kjekk kveld. Litt dumt at mange som hadde meldt seg på ikkje kom, og då vart lokala litt store. Håpar andre vil arrangera felles klubbkveld, og Eidfjord gjer det gjerne igjen.

➤ **Svarbrev frå Skyss**

Rask gjennomgang av svarbrev.

➤ Andre saker

Ingen andre saker

Møte med redaksjonen i Hardanger Folkeblad hjå dei.

Invitasjon kom frå Hardanger Folkeblad (HF), og dei vil jobba med ungdom!

Alle sat saman rundt redaksjonsbordet

Etter ein presentasjonsrunde, gjekk dei gjennom saker dei ulike ungdomsråda er opptekne av HF ser føre seg ei heil avis dedikert ungdom

Tema og aktuelle saker komne fram på dette møtet vil journalistane jobba vidare med og laga saker på.

I tillegg inviterar og oppmodar dei ungdommane til å skriva sjølve og senda inn. Det kan vera innlegg, tekst eller kommentar, det dei sjølve vil. Helst ikkje meir enn 3000 tegn, som tilsvarar ei A4 side.

Dei ber ungdommane senda dette inn til redaksjon@hardanger-folkeblad.no, og merka med **Ungdomsavis**

Frist ca 1 mnd frå 3.5.2017

Dei håpar på ei solid debattside med mange innlegg frå ungdommane, og dei ber alle representantane om å invitera andre ungdommar til også å senda inn.

Avisa ønskjer å ha kontakt med ungdom og gjera terskel låg for at dei kan ta kontakt med avisa

Referat av Trude L. Rinaldo